



Arkivnr: 2018/3423-2

Saksbehandlar: Svein Dyrrdal

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Administrasjonsutvalet		13.02.2018
Fylkesutvalet		21.02.2018
Fylkestinget		06.03.2018

Framlegg til ny IT-strategi for Hordaland fylkeskommune 2018-2020

Samandrag

Gjeldande IT-strategi er fra 2008 og fylkesrådmannen foreslår i saka ny IT-strategi for åra 2018-2020. Strategien har fem satsingsområde:

1. IT-styring og organisering
2. Digitale tenester med brukaren i sentrum
3. IKT arkitektur og infrastruktur
4. Prosjekt og porteføljestyring
5. Personvern, informasjonstryggleik og kvalitet

Fylkesrådmannen viser til IT-strategien som ligg ved saka og tilrår at den vert godkjent.

Forslag til innstilling

Fylkestinget sluttar seg til framlegget til IT-strategi for Hordaland fylkeskommune for åra 2018-2020.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg

- 1 Ekstrakt HFK IT-strategi 2018-2020
- 2 IT strategi for Hordaland fylkeskommune 2018-2020

Fylkesrådmannen, 30.01.2018

Gjeldande IT-strategi er frå 2008 og det er soleis behov for oppdatering av denne. IT-strategien er Hordaland fylkeskommune si leiing sitt instrument for å styre og kontrollere fylkeskommunens organisering, drift og investeringar innanfor IKT- og digitaliseringsområdet i perioden 2018 – 2020. IT-strategien skal understøtte verksemestrategiens fokus på levering av gode og effektive tenester. I dette ligg og at vi skal ha ei effektiv forvaltning, altså må det vere enkelt for tilsette å gjere ein god jobb gjennom digitale verktøy og prosessar. Strategien angir ambisjonsnivå, mål og prioriteringar innanfor området.

IT-strategien søker å understøtte verksemestrategien med fem satsingsområder. Overordna for desse satsingsområda er at vi må samarbeide meir om digitale løysingar, og ikkje finne opp dei same løysingane kvar for oss. Gjennom KS og fleire andre initiativ mellom både kommunar og fylkeskommunar eksisterer det i dag ei betydelig delingsvilje. Hordaland fylkeskommune deltek aktivt på fleire av desse arenaene, og det er ei målsetting å stimulere og vidareutvikle dette arbeidet.

Dei fem satsingsområda er;

- 1) **IT-styring og organisering.** Vi skal ha ei koordinert og god styring og forvaltning av IT-system. Kontinuerleg vurdering av IT-organiseringa saman med etablering av tenestekatalog og –avtalar skal sikre effektiv ressursutnytting mot behovsretta tenester.
- 2) **Digitale tenester med brukaren i sentrum.** Gode digitale verktøy og løysingar som erstattar manuelle prosessar. Brukarstyrт utvikling og grunnlag for digitalisering. Samanhengande og heilskapelege tenester.
- 3) **IKT arkitektur og infrastruktur.** Solid og stabil infrastruktur med god kapasitet. Gjere gjenbruk av offentlege data, nytte felleskomponentar, standardisere og integrere.
- 4) **Prosjekt og porteføljestyring.** IT prosjekt og program samlast i ei felles porteføljestyring. Etablere metodikk og verktøystøtte for porteføljestyring som følgjer Difi sin systematikk.
- 5) **Personvern, informasjonstryggleik og kvalitet.** Dette skal vere ein integrert del av utviklinga og bruken av IKT. Det skal berre verte behandla personopplysningar som er nødvendige og som vert verna i samsvar med regulatoriske krav inklusive ny personvernforordning GDPR. Leiings- og internkontrollsysteem skal sikre måloppnåing og personvern.

Strategien er synleggjort gjennom ein kortfatta versjon og ein utfyllande del med vedlegg.